

Fra boken "Husmannstid og husmannsfolk" av Arnfinn Engen, Dølaringen Boklag 2001. s. 47, s. 60:

Arbeidsplikt

"Avgifta for plassen skulle ofte, kanskje som oftest, betalast gjennom arbeid. Og denne arbeidsplikta var kanskje eit av dei fremste særmerka på husmannssystemet, i alle fall på Austlandet. Denne plikta kunne vere avgrensa til å betale plassleiga, men det kunne også i mange tilfelle krevjast arbeid utover det mot løn. Denne uavgrensa arbeidsplikta kunne vere bestemt til at husmannen skulle arbeide for husbonden når han hadde tid, eller at husmannen først skulle søke arbeid hos verten før han gjekk til nokon annan dersom han ville ha arbeid utover den avgrensa arbeidsplikta. Men dette kunne også vere strengare bestemt, til dømes at husmannen kunne tilkallast til å arbeide på garden når som helst, «etter tilsigelse» eller «når forlanges». Dette var den strengaste forma for arbeidsplikt, og den kunne også vere bestemt til så og så mange dagar i veka året gjennom.

Ei noko mildare form for arbeid «etter tilsigelse» var at dette arbeidet kunne vere avgrensa til ei viss mengde eller ei viss type arbeid, men at husbonden bestemte når det skulle utførast. Endeleg var det ein type uavgrensa arbeidsplikt som vart lagt på ymse handverkarhusmenn, ved at dei vart pålagt å gjere det skreddar- eller skomakararbeidet, eller det tømmer- eller snikkararbeidet som garden kravde. (...)"

S. 60: "(...) Når det galdt kravet i mange kontraktar om å skaffe kvinneleg arbeidskraft, så vart dette ennå praktisert av ein del gardbrukarar. Men det var på veg ut, etter Fedjes mening. Kravet «holder paa at blive staaende der kun til Minde om gamle Dage». Likevel var det vanleg at husmannskona hjelpte til med ymse arbeid i garden når ho hadde høve til det. Og det vart sett på som ei moralsk plikt at ho heller arbeidde hos verten enn hos andre dersom han trøng henne. Ei beretning frå Dovre om tilhøva i 1870-åra, fortel om kvinnearbeid:

«Husmannskonene arbeidet mye her på gården [-]. De deltok i potetsetting og potetopptaking, i høyonnene og skuronnene. Dessuten ble de budsendt til klesvask, bakst, slakting, sauklipping og annet arbeide. Husmannskonen hadde imidlertid ingen kontraktslig forpliktelse til å arbeide for husbonden. Arbeidsdagen var den samme som for mannen, men jeg kan ingen ting si om daglønnens størrelse. Når husmannskonen var her på gården i arbeide, måtte hun som regel ta med seg de minste barna. Når hun sto i åkeren og skar, la hun spebarnet sitt i en seng av nek på et skyggefullt sted. Var det ikke noe slikt i nærheten, laget hun skygge ved å mure opp en haug av nek ved barnet. Både to og tre barn kunne følge moren på arbeide, og det var et leven og en skriking uten like borte i åkeren.»